

Plantar og dyr i Inge Krokanns Dovresno-bøker

salvarane]”. Ordet åt vart altså nytta om fleire lidingar (og andre plager, samanlikn kommentaren om avåt/åt ovanfor). Det kunne vore interessant om ein hudlækjar vurderte dei ekstreme hudplagene det står at Stingrim hadde.}

Mark er nemnd ein gong (ID 80) og er ein konkret ”lang vassbleikt stakkar” millom maurar på ein stig i Dännålia, og dette er vel symbolsk meint. Raudskjøre er ein annan sort meitemark, og namnet er bruka to gonger, men berre i overført tyding: ”Han [Rånnå-mannen] vrid seg som ei raudskjøre” (ID 109), og ”ho [Brit] v Reid seg som raudskjøre.” (GF/II 142). Ordet er forklart av Krokann (ID, Ordliste til romanane): ”raudbrun makk, den mest vanlege under stein o.l.”; og hos Donali (1988): ”raud (meite)mark som lever i t.d. gjødseldungar (ikkje særleg brukbar som fiskagn)”. Rise (1933) har definisjonen ”Raudskjø’r - raud ongulmark”, og det er vel nett på ein ongel vi ser for oss Rånnå-mannen og Brit! Dette kan vera fleire artar, særleg kompostmeitemark, skogmeitemark (begge store) og mosemeitemark (til 4 cm).

Kva slag ”ynglende Indsøes Kryb” (utanom fisk) som skulle ha økonomisk interesse i Gjevillvatnet, er uklart (sjå **innsjø-kryp** i samlelista).

God lokalkunnskap, saman med meir spesialkunnskap om dei virvellause dyra, kunne kanskje ha kopla andre sannsynlege artar opp mot fleire av Krokanns namn. Men i det heile er artsmengda i dei fleste gruppene for stor til det, og omtalen manglar naudsynlege detaljar.

Summen av sidetal for zoologiske hovudnamn med undergrupper

Hovudnamna er ordna i dyregrupper og sorterte etter talet i kolonne b, først frå dei vanlegaste til dei sjeldnaste i si gruppe, og så alfabetisk. Undergruppenamn er *kursiverte*, og hovudnamn med to eller fleire undergrupper er utheva for å synast betre. Kolonne 1-3 tilsvaret ordninga i samlelista og gjev sidetal for: 1. reine hovud- og undergruppenamn (t.d. **sau** og *søye*). 2. namn + tillegg (t.d. **orm**: -gap; -eiter; -e/tunge). 3. tillegg + namn (t.d. rovdyr, spena-dyr, udyrflokk). Kolonne a gjev delsummen når det er undergrupper, og kolonne b samla sidetal for hovudnamnet. Samlenamn som omfattar mange artar kan få høg sum, og er stilte bakerst i si gruppe og understreka. Nokre fleire opplysningar som er gjevne ved den tilsvarande oversikta for plantar (s. 91), gjeld også her. Fire hovudnamn er ikkje bruka av Krokann og er ikkje med her: gråsisik og harehukre (fuglar), ål (fiskar) og krabbe (krepsdyr).

Pattedyr

namn	1	2	3	a	b
<i>bork</i>	0	2	0	2	-
<i>fole</i>	3	0	1	4	-
<i>føl</i>	5	7	0	12	-
<i>gamp</i>	3	0	11	14	-
<i>jalk</i>	9	1	0	10	-
<i>linfeksing</i>	65	0	6	71	-
<i>merr</i>	8	1	10	19	-
<i>skarre</i>	4	2	1	7	-
<i>skjute</i>	15	4	8	27	-
<i>sote</i>	2	0	0	2	-
<i>teming</i>	3	0	3	6	-
<i>tobbe</i>	1	0	0	1	-
<i>tråvar</i>	1	0	0	1	-
<i>vetle</i>	2	0	0	2	-
<i>vettring</i>	1	0	0	1	-
<i>øyk</i>	21	0	0	21	-
hest	199	73	37	309	509
<i>får</i>	0	1	0	1	-
<i>lamb</i>	22	2	11	35	-
<i>risbit</i>	1	2	0	3	-
<i>søye</i>	1	0	0	1	-
<i>tikse</i>	3	4	0	7	-
<i>vedde</i>	1	2	4	7	-
sau	29	33	2	64	118
<i>kalv</i> (I)	14	8	3	25	-
<i>ku</i>	39	10	9	58	-
<i>kvige</i>	7	0	0	7	-
<i>okse</i>	12	5	5	22	-
<i>stut</i>	0	1	0	1	-
naut	0	0	1	1	114
<i>bokk</i>	5	1	7	13	-
<i>killling</i>	9	1	10	20	-
geit	21	32	15	68	101
<i>bikkje</i>	4	0	5	9	-
<i>kvalp</i>	1	0	0	1	-
hund	36	14	12	62	72
<i>gråbein</i>	2	0	0	2	-
<i>gråtasse</i>	4	0	0	4	-
<i>varg</i>	7	5	3	15	-
ulv	22	17	1	40	61
<i>bamse</i>	0	2	0	2	-
<i>binne</i>	1	0	0	1	-
<i>bron-brand</i>	1	0	0	1	-
<i>skabeist</i>	7	0	0	7	-
<i>unge</i>	1	0	0	1	-
bjørn	16	24	4	44	56
<i>galte</i>	2	4	3	9	-
<i>porke</i>	5	0	2	7	-
<i>so</i>	2	0	0	2	-
<i>svin</i>	6	2	0	8	-
gris	6	5	6	17	43
<i>bukk</i>	5	0	0	5	-
<i>kalv</i> (III)	1	0	1	2	-
<i>semle</i>	4	0	1	5	-
rein	7	17	0	24	36
<i>høgfoting</i>	3	0	0	3	-